

---

Saksnr: 2020/43256-20  
Saksbehandlar: Åge Avedal

---

## Saksgang

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 25.11.2020 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse       |             | 25.11.2020 |
| Fylkesutvalet                                |             | 26.11.2020 |

## Mandat for Nynorskfylket Vestland

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune vedtek følgjande mandat for Nynorskfylket Vestland:

Nynorskfylket Vestland er eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland fylke. Nettverket er arena for deling, fagleg utvikling og språkpolitiske diskusjonar. Vi vil fremje nynorsk språkidentitet og klarspråk. Vi vil løfte nynorsk som daglegspråk, i digitaliseringa, i kunsten, i opplæring, arbeids- og næringsliv. Nettverket kan gje råd til folkevalde organ i nynorsksaker.

Deltakarane i Nynorskfylket Vestland representerer frivillige, ideelle, offentlege og private aktørar med regional funksjon i Vestland.

Samandrag

Fylkestinget gjorde 3. mars 2020 vedtak om å utvide nettverket Nynorskfylket til Vestland fylke, under namnet Nynorskfylket Vestland. Nettverket vart etablert etter eit vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane i 2012. Frå 2015 fekk nettverket namnet Nynorskfylket.

Nynorskfylket Vestland har i løpet av året invitert inn og fått med fleire nye deltakarar. Nettverket samlar no i alt 20 aktørar som representerer det offentlege, privat næringsliv og sivilsamfunnsorganisasjonar. Nettverket har hatt to møte i 2020, der m.a. mandat for nettverket har vore diskutert. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vedtek mandat for Nynorskfylket Vestland slik det ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nynorskfylket er eit nettverk for aktørar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. I 2012 gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtak om å ta initiativ til etablering av eit nynorsk nettverk i Sogn og Fjordane. Frå 2015 fekk nettverket namnet Nynorskfylket.

Fylkestinget i Vestland gjorde i møte 3. mai 2020 følgjande vedtak:

1. Nettverket Nynorskfylket vert utvida til Vestland fylke under namnet Nynorskfylket Vestland.
2. Fylkestinget vel leiar for Nynorskfylket Vestland og vara til denne for fire år. Fylkesrådmannen har sekretariatsansvar for Nynorskfylket.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland. Fylkesrådmannen førebur slik sak på grunnlag av innspel frå deltakarane i nettverket.
4. Nynorskfylket Vestland er samansett av aktørar i Vestland som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Aktørane må fylla ei regional rolle eller ha regional funksjon frå offentleg sektor, næringslivet og sivilsamfunnsorganisasjonar. Nynorskfylket Vestland har møte minst éin gong årleg, gjerne i samband med ei samling med fagleg innhald.
5. Fylkestinget sluttar seg til at det opprettast eit arbeidsutval i Nynorskfylket Vestland, samansett av leiar i forumet og minst to representantar frå dei andre deltakarane i nettverket.
6. Fylkeskommunen tar initiativet til å invitere inn aktørar inn i nettverket. Det første møtet i Nynorskfylket Vestland blir våren 2020 i samband med ei fagsamling med tema språkpolitikk.
7. Nynorskfylket Vestland held fram med å møte i det nasjonale samarbeidsorganet Nynorsk forum. Leiar i Nynorskfylket eller den han peikar ut møter i Nynorsk forum.
8. Oppnemning av leiar i Nynorskfylket gjennom den fylkeskommunale valperioden, med personleg vara, vert fremja i eiga sak til valnemda og fylkestinget.
9. Nynorskfylket Vestland kan gje råd til folkevalde organ i saker som er viktig for nynorsk.

### Deltakarar i nettverket og arbeidsutvalet

Følgjande aktørar er no medlemmer i Nynorskfylket Vestland: Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune, Sogn og Fjordane Mållag, Hordaland Mållag, Olav H. Hauge-senteret / Nynorsk kultursentrum, KS Vest-Norge, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Sparebanken Sogn og Fjordane, Lerum, Memoar - norsk organisasjon for munnleg historie, LNK - Landssamanslutninga av nynorskkommunar, LO Vestland, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Det Vestnorske Teateret, Teater Vestland, Utdanningsforbundet Vestland, Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter og Bergen International Literary Festival.

Andre aktørar enn desse har blitt invitert til å delta i nettverket, spesielt frå privat næringsliv. Enkelte av desse har ikkje aktivt slått fast om dei vil bli med i nettverket eller ikkje, men dei vil bli invitert også til seinare møte i nettverket med mål om å få dei med som faste deltakarar.

Det vart invitert til orienteringsmøte om Nynorskfylket Vestland i juni 2020, der nye og gamle deltakarar var med. Nettverket hadde første ordinære møte i oktober 2020. Mandat for Nynorskfylket Vestland var eit av tema som vart tatt opp på begge desse møta. Framlegget til mandat er utforma på bakgrunn av innspel frå desse to møta og innspel som er sendt på e-post i etterkant av siste møtet.

På møtet i Nynorskfylket Vestland 30. oktober vart det valt arbeidsutval for nettverket. I arbeidsutvalet sit Margunn Grytten Selvik (Teater Vestland), Turid Strømmen (Utdanningsforbundet Vestland), Eli Bjørhusdal (Høgskulen på Vestlandet), Solrun Toft Iversen (Det Vestnorske Teateret), Erlend Bakke (Hordaland Mållag), Geir S. Netland (Olav H. Hauge-senteret), Vidar Høviskeland (LNK), Alexander Fosse Andersen (Vestland fylkeskommune, politisk

vald leiar) og Åge Avedal (Vestland fylkeskommune, sekretær). Arbeidsutvalet vil ha jamlege møte, medan heile nettverket vil bli kalla inn til møte minst éin gong i året.

### **Mandat for nettverket**

Fylkestinget gav i møte 3. mars 2020 fylkesutvalet fullmakt til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland. Oppgåvene og mandatet har blitt diskutert på begge møta i nettverket dette året, og det vart opna for innspel til administrasjonen via e-post etter det siste møtet. Fylkesrådmannen legg no fram eit forslag til mandat basert på desse innspela:

Nynorskfylket Vestland er eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland fylke. Nettverket er arena for deling, fagleg utvikling og språkpolitiske diskusjonar. Vi vil fremje nynorsk språkidentitet og klarspråk. Vi vil løfte nynorsk som daglegspråk, i digitaliseringa, i kunsten, i opplæring, arbeids- og næringsliv. Nettverket kan gje råd til folkevalde organ i nynorsksaker.

Deltakarane i Nynorskfylket Vestland representerer frivillige, ideelle, offentlege og private aktørar med regional funksjon i Vestland.

For fylkesrådmannen er det viktig at mandatet er kort formulert og tydeleg på kva som er nettverket si samfunnsrolle og oppgåver. Mandatet skal vere lett å forstå, men samtidig ikkje vere til hinder for at nettverket kan få spelerom til å løfte viktige diskusjonar og jobbe for utvikling av det nynorske språket. Mandatet vil ikkje binde nokon av deltakarane i nettverket, men målet er at aktørane som tek del får auka språkleg medvit, kan dele med kvarandre og bruke nynorsk betre og meir aktivt i eigen organisasjon. Nettverket må følgje med i dei språkpolitiske diskusjonane og kan gje råd til folkevalde organ i nynorsksaker.

Deltakarane i nettverket representerer ulike samfunnssektorar, både det offentlege, privat næringsliv og sivilsamfunnsorganisasjonar. For å gje rammer og til ei viss grad spisse oppgåvene og rolla i nettverket, blir det gjennom mandatet slått fast at deltakarane må ha ein regional funksjon i Vestland. Det betyr at aktørane har rolle, oppgåver, funksjonar eller verdi som går ut over det lokale.

### **Regional språkpolitikk**

Nynorsk språk har ein sentral plass i dei regionale planane for kultur. I Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 blir det mellom anna slått fast at «Nynorskfylket [...] vil ha ei viktig rolle som målberar for nynorsk språk framover». I PREMISS: KULTUR, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er eit av måla å «Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk».

På grunnlag av gjeldande vedtak vil Vestland fylkeskommune ta ansvar for å utvikle regional språkpolitikk. Også i nasjonal samheng er fylkeskommunen ein viktig offentlig aktør i høve nynorsk språkbruk. Nynorskfylket Vestland er eit godt tiltak og verktøy i arbeidet med dette.

### **Kopling til nasjonale fora**

Nynorskfylket Vestland er medlem i det nasjonale forumet Nynorsk forum. Nynorsk forum er eit samarbeidsorgan for nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet drøftar viktige spørsmål om nynorsk i kulturlivet og samfunnet, og kjem med felles prioriteringar til statsbudsjettet kvart år. Nynorsk forum vedtok nye retningslinjer i 2019 som slår fast at forumet har desse føremåla:

1. å koordinere innspel, høyringsfråsegner og budsjettprioriteringar, til regjering, storting og dei politiske partia
2. å utveksle erfaringar i aktuelle enkeltspørsmål og skape meir innsikt om dei ulike institusjonane
3. å utveksle og samordne bruk av ressursar i avgrensa enkeltsaker det er semje om
4. diskutere framtida for nynorsk skriftkultur

Dei som er medlemmer i Nynorsk forum er BUL i Oslo, Dag og Tid, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Jærmuseet/ Garborgsenteret, Kringkastingsringen, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norsk Barneblad, Norsk Målungdom, NRK Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter, Nynorskfylket Vestland, Nynorsk kultursentrum og Nynorsk pressekontor.

### **Utfordringar og politiske prosessar**

Det norske språket er under press frå det engelske språket. Vi snakkar her spesielt om domenetap innan enkelte sektorar, slik som i academia og i digitale medium. Vidare er nynorsk, som det minste av dei to norske språka, under press frå bokmål. Talet brukarar av nynorsk går ned, og i Vestland har vi eit særskilt ansvar for vern og aktiv bruk av nynorsk.

Det er for tida mange viktige prosessar på gang som kan vere med å styrke det nynorske språket. Ny språklov vart lagt fram av regjeringa våren 2020, og vil bli handsama i Stortinget denne hausten. Kulturdepartementet har òg sett i gang arbeidet med ei stortingsmelding om språk som er venta blir lagt fram våren 2021.

Hausten 2020 vart nye læreplanar i grunnskulen sett i verk. Digitale læremidlar vil bli meir sentralt i skulen gjennom dei nye læreplanane, men få av læremidla er tilgjengeleg på nynorsk. Kunnskapsdepartementet har varsla at det vil bli lagt fram ny universitets- og høgskulelov og ny opplæringslov våren 2021. Ny forvaltningslov er også venta lagt fram i 2021. Alle desse er viktige delar av den norske språklvgjevinga.

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2021 er det forslag om ei styrking av språkarbeidet innanfor Kulturdepartementet sine område med om lag 11,5 millionar kr. Det er også lagt inn styrking av nynorsk på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Nynorsk forum og Noregs Mållag har vore aktive på høyringar om statsbudsjettet, og har der m.a. peika på at det må sterkare verkemiddel til, spesielt innan opplæringssektoren.

I Vestland er det spennande satsingar på gang som vil styrke det nynorske språket. Nynorskhuset er under planlegging både i Førde og Bergen. Dei to nynorske regionteatera, Det Vestnorske Teateret og Teater Vestland har planar om utvida aktivitet. Jakob Sande senter for forteljekunst i Dale i Sunnfjord opna denne hausten. Den kulturelle skulesekken har sett i gang prosjekt for å få fleire nynorskproduksjonar.

Vestland fylkeskommune har nynorsk som tenestemål og vedtok nyleg utviklingsplan for Vestland med oversikt over regionale planar som blir utvikla og vedtatt i tida framover. Nynorsk vil vere sentralt i fleire av dei regionale planane. Fylkesrådmannen ser det som ei tverrfagleg oppgåve å stø opp om og fremje det nynorske språket, og er glad for at nettverk som Nynorskfylket Vestland kan vere med å bidra til auka bruk og fremjing av nynorsk.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet fekk delegert mynde til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland i møte 3. mars 2020.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Økonomiske konsekvensar vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** I *Kultur for alle*, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 og *PREMISS: KULTUR*, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er satsing på nynorsk ei viktig sak.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner det i tida framover vil vere sterkt behov for å styrke nynorsk, spesielt i skulen, i academia, i kulturlivet, i offentlege organ, i media, på dei digitale flatene, som kvardagsspråk og arbeids- og næringslivsspråk. Nynorskfylket Vestland vil kunne bidra positivt til dette. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet vedtek mandat for Nynorskfylket Vestland.